

Livslang læring og samarbeid skule – næringsliv

Haram vidaregåande skule ligg i Brattvåg, kommunesenteret i Haram kommune. Per 1.1.2020 er det vedtatt at Haram kommune vert ein del av Ålesund kommune. Skulen har i mange 10-år hatt eit nært samarbeid med kommune og lokalt næringsliv. Dette har gitt ein spanande læringsarena for elevane både nasjonalt og internasjonalt, samt gitt bedriftene ønska kompetanse. KS og NHO kåra i april 2019 Haram kommune til Noregs beste vertsskapskommune for næringslivet i kategori små kommunar (Haram kommune, 2019).

Mykje er gjort bra så langt, men framtida byr på nye utfordringar. Auka sentralisering er ei stor utfordring for næringsklynger som ligg i distrikta. På same måte som leiarskap og administrasjon vert sentralisert til byar, vert også utdanningsinstitusjonane sentralisert. Større einingar kan gje større effektivitet og lågare kostnader, men baksida av medaljen er at det kan verte større avstand mellom utdanning og den produktive delen av næringslivet. Alternativt skaper ein kunstige praksisarenaer, for at elevane skal kunne jobbe med praktiske oppgåver. Dette er bra i seg sjølv, men ein mister likevel den unike kunnskapen og erfaringane ein får gjennom å delta i eit aktivt næringsliv. *«Elevar med erfaring frå yrkeslivet scorar best på motivasjon og trivsel. Er vidaregåande skule vorte ei eiga, for isolert verd?»* jf. utvalsmedlem Olav S. Myklebust.

Livslang læring

Fleire elevar tek av ulike årsaker ei utdanning som ikkje gir arbeid, eller av ulike årsaker ønskjer dei å ta ny vidaregåande utdanning. Søkjer dei gjennom systemet, kjem dei sist i køa så lenge dei ikkje har ungdomsrett (Opplæringslova, 1998 § 3-1). Dette er gjerne elevar som er topp motiverte og som vil kunne bidra positivt i klassemiljøet, i tillegg til at dei vil vere ein ressurs som framtidig arbeidskraft. Når næringslivet manglar 40 lærlingar innafor enkelte fagfelt, er det dårleg utnytting av ressursar å ikkje gi denne gruppa plass i vidaregåande skule av økonomiske omsyn.

Vi har sett at andre land er meir opne for alternative løysingar, der t.d. eit college tar inn ordinære elevar, arbeidarar frå næringslivet på kortare kurs som har behov for oppgradering innan eit eller fleire fagfelt, arbeidarar som av personlege eller strukturelle grunnar treng omskolering eller personar som er arbeidssøkande og treng ei utdanning. Minoritetsspråklege vil også kunne få norskopplæring som er meir praktisk retta når den er direkte knytt opp mot fagutdanning og praksis.

Eg trur at fleire vidaregåande skular i distrikta som har eit nært samarbeid med eit aktivt næringsliv, kommune og andre aktørar, vil kunne gi eit langt betre tilbod på dette området enn med dagens system. Gjennom eit opplæringscenter knytt opp mot dei vidaregåande skulane, vil ein kunne få auka kompetansen både til skulen og arbeidslivet, og bidra til økt sysselsetting. Slike utdanningar krev fleksibilitet og at ressursar blir sett i samanheng.

Samarbeid skule – næringsliv - kommune

Haram vidaregåande skule har ulike former for samarbeid, mellom skule, næringsliv og kommune. Samarbeidet vart formalisert gjennom Haram på kartet i 1995, som seinare vart Harams-modellen. Eit av satsingsområda i Harams-modellen var ei høgare utdanning innan

yrkesfaga. Vi gjekk difor inn for TAF-modellen (Tekniske- og Allmenne Fag), etablert av Nord-Hordaland vidaregåande skule i 1992, no Knarvik vidaregåande skule. På tross av politisk motstand fekk vi TAF-tilbodet innan mekaniske fag (TIP) i 1998, og utvida med elektrofag (EL) i 2008. Sjølv om det i seinare tid har vore uttalt at TAF-tilbodet skal bestå, har vårt tilbod vore under press av økonomiske grunnar sidan 2014. TAF har for oss vore ein suksess; elevane er kvar veke 2-3 dagar ut i bedrift, og på skulen dei resterande dagane. Dei tar fagbrev, generell- og spesiell studiekompetanse med full fordjuping innan matematikk og fysikk. Dette tar dei i løpet av 4 år. Det er langt fleire jenter som vel TAF enn som tradisjonelt vel mekaniske fag eller elektro (Frønes, 2015).

Grunnen til at næringslivet hadde tru på TAF ordninga, var at elevane fekk eit realistisk syn på kva forventningar og krav som gjeld i næringslivet, oppdatert kunnskap i organisering av arbeid, samt praksis på moderne maskiner og teknologi. Det er ingen oppkonstruert læringssituasjon med «skolske reglar».

Vi har brukt delar av erfaringane frå TAF til også å gjelde for Vg2 Elektro, Vg2 Helse- og oppvekst og Vg2 Industriteknologi. Når det gjeld Vg2 Industriteknologi er utplasseringa samla i bolkar på 14 dagar i staden for utplassering i 1 – 2 dagar per veka grunna praktiske omsyn. Vi ser at ein større del av elevane som tek desse utdanningsvegane vert verande eller kjem tilbake til lokalt næringsliv etter høgskule/universitetsutdanning, enn elevar som tek studiespesialisering og som har mindre band til lokalt næringsliv.

Vi har tru på ei kombinasjonslæring mellom skule og næringsliv ut frå våre erfaringar. Vi ser at dette ikkje er så ulikt praksis ein har i Tyskland, Sveits, Østerrike, Finland etc.. Med sentralisering der det ikkje let seg gjere å kombinere utdanning og praksis på same måte når avstandane vert for store, så vert det lett eit skilje mellom skule og næringsliv. I tillegg til å utdanne fagarbeidarar, legg det tyske utdanningssystemet også vekt på entreprenørskap og økonomisk forståing, samt pedagogikk og leiarkunnskap i utdanninga. Fagarbeidaren skal kunne dele kunnskap og å lære opp andre. Eg vil tru at denne tilleggsdimensjonen i utdanninga også ville vere nyttig for våre yrkesfagselevar.

Haram vidaregåande skule ønskjer at det vert gitt rammevilkår slik at vi i framtida kan bygge opp senter for livslang læring, samt å fortsatt kunne gi ei opplæring der større delar av opplæringa skjer ute i bedrift (jf. TAF-ordninga).

Frønes, I. (2015). Praksis trumfer studier. *Dagens næringsliv*.

Haram kommune. (2019). Haram kommune er kåra til Norges beste vertskapskommune for næringslivet! . frå <https://www.haram.kommune.no/nyhende/haram-kommune-gjekk-heilt-til-topps.20553.aspx>

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (LOV-1998-07-17-61), LOV-1998-07-17-61 C.F.R. (1998).

Lied-utvalet - <https://www.liedutvalget.no/news/delar-av-vidaregaande-skule-ma-ut-av-isolatet/> av utvalsmedlem Olav S. Myklebust.

<http://www.cedefop.europa.eu/en> av Jens Bjørnavold - seniorforsker Europakommisjonen.